



LINDÅS KOMMUNE
KULTUR- OG AKTIVITETSEININGA
FRIVILLIGSENTRALEN

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrett

Dato:
2. okt 2014

Søknad om disponering av midlar

Frivilligsentralane i Nordhordland frå kommunane Lindås, Meland, Radøy og Austrheim søkte og fekk 25.000,- til eit fellesarrangement i Nordhordlandshallen des 2014. Arrangementet er «Fargespel». Diverre blei kostnadane så store etter kvart at dette ikkje kan realiserast. Den politiske leiinga i kommunane kunne ikkje stille naudsynt garanti for arrangementet.

Arbeidsgruppa for prosjektet har i løpet av prosjektida skaffa gode relasjonar med flyktningar i heile regionen, dei som var meint å vere med i oppsettinga av «Fargespel». Me ønskjer å arbeide vidare med desse relasjonane.

Me søker difor å få disponere midlane i fleire tiltak for flyktningane i Nordhordland i samarbeid med **Læringscenteret i Knarvik**.

Tiltak: Skaffe kulturell underhaldning til «Internasjonal kafe» ein fredag kvar månad framover. Arrangementet er i kantina i Nordhordlandshallen og inkluderer servering av internasjonale matrettar, musikk og song. Me har planar om å invitere prisvinnar Safia Aabdi Haase på ein av samlingane.

Tiltak: Arrangere tur for flyktningane til Modalen for å vitja kulturhuset der.

Tiltak: Stø opp om andre kulturarrangement for flyktningane i Nordhordland i regi av Læringscenteret.

Kontaktpersonar:

Frivilligsentralen i Lindås – Per Ole Ekker
Frivilligsentralen i Meland – Nina Randal
Frivilligsentralen i Austrheim – Rigmor Ludvigsen
Frivilligsentralen i Radøy – Rune Rydland
Frivilligsentralen i Masfjorden – Gunvor Fyllingsnes
Læringscenteret i Nordhordland – Randi Kleiveland
EPWISEF (afrikansk org) – Princess Williams

Me vil sjølvsagt fylgje krav om rekneskap og rapportering..

Eventuelle spørsmål kan rettes til dagleg leiar Frivilligsentralen i Lindås Per Ole Ekker – tlf 56 37 51 54 eller e-post per-ole.ekker@lindas.kommune.no

På vegne av arbeidsgruppa
med helsing

Per Ole Ekker /s/
Dagleg leiar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 37 51 54 56 37 50 00	56 37 50 01	1503 22 54567 Organisasjonsnr. 935 084 733